



# KONTROLLUTVALET I KLEPP KOMMUNE

## PROTOKOLL

<b>Utvalg:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtenr.:</b> 5-2014	<b>Møtedato:</b> 06.11.2014	<b>Utvalgssaksnr.:</b> 25/14 - 31/14
<b>Disse møtte:</b> Arild Børge Skjæveland Ove Horpestad Siri Øksnevad Olsen Reidar B. Thu Sigrid Lærdal	<b>Forfall / varamedlemmer:</b> Ingen		
<b>Andre til stede:</b> Økonomisjef Stein Kittelsen, Klepp kommune Senior Partner/forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo, Deloitte AS Senior Partner Eirik Braut, Deloitte AS Daglig leder Wencke S. Olsen, Rogaland Kontrollutvalgsekretariat			

			Side
<b>Saker til behandling</b>			
<a href="#">25/14</a>	13/00072-15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
<a href="#">26/14</a>	13/00359-5	Rapport frå selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Klepp Energi AS	2
<a href="#">27/14</a>	14/00085-1	Utkast til prosjektmandat - forvaltningsrevisjon Psykisk helse-arbeid/individuelle planar.	3
<a href="#">28/14</a>	13/00139-8	Orientering om Klepp kommunes regnskap/budsjett 2015	4
<a href="#">29/14</a>	13/00263-23	Årsplan for 2015 - kontrollutvalet i Klepp	4
<a href="#">30/14</a>	13/00083-22	Statusoversikt pr. oktober 2014	4
<a href="#">31/14</a>	13/00174-6	Orientering frå revisor om revisjonsstrategi for 2014	5

**Innkallinga vart godkjent utan merknader.**

**25/14 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå møtet den 11. september 2014

**Møtebehandling**

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå møtet den 11. september 2014

**26/14 Rapport frå selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Klepp Energi AS**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

*Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret å fatta følgjande vedtak:*

1. Kommunestyret i Klepp tar den framlagde rapporten frå selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Klepp Energi AS til etterretning.
2. Kommunestyret vil spesielt peika på at kommunen bør:
  - a. Oppdatera eigarstrategien med bakgrunn i KS sine anbefalingar
  - b. Etablere rutinar for oppfølging av eigarstrategien
  - c. Klargjera kommuneadministrasjonens ansvar for oppfølging av eigarskap
  - d. Vurdera avtalen med Klepp Energi om drift og vedlikehald av gatelys opp mot regelverket om offentlege anskaffingar.
3. Kommunestyret ber selskapet om å vurdera revisor anbefalingar som gjeld
  - a. Innføra praksisar tilrådd av KS
  - b. Dokumentere styrets eigenevaluering
  - c. Gjennomgå rutinar og system for innkjøp
  - d. Utarbeida skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, inkl. retningsliner for rapprotering om avvik
4. Rapporten vert følgd opp våren 2015 overfor kommunen når det gjeld eigarstyring og selskapet når det gjeld drift.

**Møtebehandling**

Senior partner/forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo orienterte.

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

## Vedtak

Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret å fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret i Klepp tar den framlagde rapporten frå selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Klepp Energi AS til etterretning.
2. Kommunestyret vil spesielt peika på at kommunen bør:
  - a. Oppdatera eigarstrategien med bakgrunn i KS sine anbefalingar
  - b. Etablere rutinar for oppfølging av eigarstrategien
  - c. Klargjera kommuneadministrasjonens ansvar for oppfølging av eigarskap
  - d. Vurdera avtalen med Klepp Energi om drift og vedlikehald av gatelys opp mot regelverket om offentlege anskaffingar.
3. Kommunestyret ber selskapet om å vurdera revisor anbefalingar som gjeld
  - a. Innføra praksisar tilrådd av KS
  - b. Dokumentera styrets eigenevaluering
  - c. Gjennomgå rutinar og system for innkjøp
  - d. Utarbeida skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, inkl. retningsliner for rapportering om avvik
4. Rapporten vert følgd opp våren 2015 overfor kommunen når det gjeld eigarstyring og selskapet når det gjeld drift.

## 27/14 Utkast til prosjektmandat - forvaltningsrevisjon Psykisk helsearbeid/individuelle planar.

### FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp bestiller prosjektet «Psykisk helsearbeid/individuelle planar» i tråd med det utkastet til mandat som ligg føre, med dei eventuelle presiseringar/ endringar som kom fram i møtet.

### Møtebehandling

Senior partner/forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo orienterte.

Kontrollutvalet presiserte at problemstillingane også må inkludera:

- Korleis vert familien til brukarane ivaretatt?
- Oppfølging av pårørande

### Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med desse presiseringane.

### Vedtak

Kontrollutvalet i Klepp bestiller prosjektet «Psykisk helsearbeid/individuelle planar» i tråd med det utkastet til mandat som ligg føre, med dei presiseringar som kom fram i møtet.

**28/14 Orientering om Klepp kommunes regnskap/budsjett 2015**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp tar utgreiinga om Klepp kommune sitt budsjett/rekneskap til orientering.

**Møtebehandling**

Økonomisjef Stein Kittelsen orienterte om bakgrunn for budsjett 2015 og økonomiplan.

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp tar utgreiinga om Klepp kommune sitt budsjett/rekneskap til orientering.

**29/14 Årsplan for 2015 - kontrollutvalet i Klepp**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp vedtar den framlagte årsplanen for 2015.

Planen vert vidaresendt kommunestyret til orientering.

**Møtebehandling**

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp vedtar den framlagte årsplanen for 2015.

Planen vert vidaresendt kommunestyret til orientering.

**30/14 Statusoversikt pr. oktober 2014**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp tek statusoversikt pr. oktober 2014 til orientering.

**Møtebehandling**

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp tek statusoversikt pr. oktober 2014 til orientering.

**31/14 Orientering frå revisor om revisjonsstrategi for 2014**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet godkjenner/godkjenner ikkje at orienteringa går for lukka dører, jfr. Koml. § 31.5.

Kontrollutvalet i Klepp tek revisor sin overordna strategi for revisjonsåret 2014 til orientering.

**Møtebehandling**

Kontrollutvalet godkjente samrøystes at orienteringa går for lukka dører, jfr. Koml. § 31.5.

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt inkl. vedtak om at orienteringa går for lukka dører.

**Vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner at orienteringa går for lukka dører, jfr. Koml. § 31.5.

Kontrollutvalet i Klepp tek revisor sin overordna strategi for revisjonsåret 2014 til orientering.

**Underskrifter**

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet

Leiar av kontrollutvalet

Nestleiar i kontrollutvalet